



Rolf Bjarne Mjåtveit
Håtuftvegen 42
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1351 - 14/16492

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
29.10.2014

Gbnr 28/1 - Orientering om vidare handsaming av søknad om frådelling av parsell

Det vert vist til brev til dykk dagsett 19.9.2014 med vedlegg.

Som kjend gjorde Utval for drift og utvikling i Meland kommune den 2.9.2014 følgjande vedtak:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel, for frådelling av parsell på gbnr 28/1, jf søknad og situasjonskart motteke 21.3.2014.

Utval for drift og utvikling samtykker i frådelling i medhald av jordlova § 12.

Tiltaket kan ikkje setjast i vert før det er godkjent etter pbl kap. 20.

Det vert stilt følgjande vilkår for dispensasjon:

- (1): Ny parsell må ikkje omfatte fulldyrka jord, jf Markslagkart AR5.
- (2): Ny parsell må sikrast naudsynte rettar for framføring og bruk av veg, vass- og avlaupsnett over framand grunn.
- (3) Krav til utomhusareal og parkeringsdekning i kommuneplanen må stettast.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.»

Det vert vidare vist til søknad om løyve til frådelling av parsell dagsett 17.3.2014. Denne søknaden låg ved dykkar søknad om dispensasjon.

Kommunen orienterer om at denne delingssøknaden ikkje kan handsamst slik den ligg føre. Før kommunen kan handsame søknaden må det dokumenterast at vilkåra i dispensasjonsløyve er oppfylt, jf punkt 1-3 ovanfor.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Saka vert i påvente av innsending av naudsynt dokumentasjon lagt i ventearkiv hjå kommunen. Dersom dokumentasjon ikkje er motteke innan 15.12.2014 vert saka avslutta utan ytterlegare handsaming. Det må då sendast inn ny komplett søknad.

Ved all vidare kontakt i saka, ver vennleg å referer til kommunen sitt saksnummer: 14/1351.

Med helsing

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Rolf Bjarne Mjåtveit

Håtuftvegen 42 5918

FREKHAUG